

Tertialrapport 2/18 – Konesjonskraftomsetjing

	2018	2019	2020	2021	2022
Budsjett 2018/øk.plan 19-22	50,0	52,0	48,0	50,0	52,0
Ny prognose T2/18	56,0	70,0	60,0	60,0	62,0
Endring	6,0	18,0	12,0	10,0	10,0

Føresetnader Budsjett 2018/ økp. plan 2019-2022:

Budsjettføresetnadane for 2018/ økonomiplan 2019-2022 er basert på marknadsprisar og valutakursar per 01. mai 2018 og kjend konesjonskraftmengde i 2018 – 363,9 Gwh. Kostnadane med kjøp av konesjonskraft inkl. innmatingsavgifter vart i T1/18 berekna til 13,2 øre/kwh (11,2 + 2,0). Kostnader med bistand Markedskraft, kommunekraft, ulike gebyr etc. er berekna til 1,0 mill. kr.

I T1/18 vart prognosen for 2018 auka med 11 mill.kr til 50 mill.kr i høve opprinneleg budsjett.

For året 2018 skal vi - etter vedteken normalsikringsstrategi for kraftsal – ha pris- og valutasikra 80 % av tilgjengeleg volum ved inngangen til budsjettåret. Jf. sikringsstrategien pkt. 5, 4 kulepunkt skal fylkeskommunen:

«ved inngangen til kvart kvartal skal ein være ajour med normalstrategien sitt volum. Ein kan altså ikkje ligge med avvik frå normalstrategien gjennom eit kvartal som er i levering»

Pr. 03.09.18 er andel pris- og valutasikra volum 80,5 %. Sikringsgraden er relativ høg grunna redusert volum konesjonskraft frå 01.07.2018.

Ny prognose 2018

Ny prognose for konesjonskraftinntektene byggjer på oppnådde prisar på sikra volum/valuta og marknads- og valutaprisar pr 03. september 2018 på usikra volum. Samla mengde konesjonskraft for 2018 er 363,9 Gwh – av dette er 293 Gwh pris-/valutasikra pr 03. september. Prisbilete no er vesentleg betre for 2018 enn det var pr. 01. mai 18. Ny prognose pr T2/18 viser ein auke på 6 mill. kr i høve T1/18.

Vår prognosemodell tek utgangspunkt i systemprisen på evalueringstidspunktet. Vår kraft vert imidlertid selt i område 5 (Vest-Norge). Områdeprisen og systemprisen vil ofte avvike frå kvarandre – både positive og negative avvik. I tillegg har konesjonskrafta ein meirverdi som Markedskraft prøver å maksimera. Basert på erfaringar dei seinare åra samt utviklinga så langt i år vert desse samla vurdert til om lag 0,5 mill. kr. i netto kostnad i 2018.

Ny prognose for 2018 er:

	2018
Budsjett 2018	50,0
Ny prognose T2/18	56,0
Endring	6,0

Prognose 2019 – 2022

Ny prognose for åra 2019–2022 baserar seg på samla konsesjonskraftmengde på 349 Gwh, oppnådde prisar på sikra volum/valuta og marknads- og valutaprisar pr 03.sept 2018. Reduksjon i konsesjonskraftmengda i høve 2018 skuldast heilårseffekt av Aurland kommune sitt auka uttak med verknad frå 01.07.2018

Prisen på elektrisk kraft har, etter ei tid med låge prisar, auka vesentleg gjennom heile 2018. Men Markedskraft sin prognosemodell viser fortsatt at marknaden er «underprisa» for produkta fram i tid.

Slik fylkesrådmannen vurderer det ligg det ei relativ stor «oppside» i porteføljen viss vi tek utgangspunkt i Markedskraft sine prognosar då desse p.t ligg høgt over marknadsprisane for alle åra i perioden (frå 6,9 til 9,3 eur pr år). Endring i pris på 1 eur/kwh utgjør om lag 3,0 mill. kr.

Jf. sikringsstrategien pkt. 5 kan fylkesrådmannen, dersom avviket mellom Markedskraft sin prognosepris og marknadsprisen er meir enn 3 eur, avvike med inntil 75% av planlagd prissikringsvolum. Denne fullmakta har fylkesrådmannen nytta og pr 3 kvartal 2018 er statusen for prissikringa slik:

	2018	2019	2020	2021	2022
Sikra hittil GWh:	293	219	53	18	0
Sikringsgrad i % hittil:	81%	63%	15%	5%	0
Skal ha sikra GWh innan utløp av Q3-18:	291	251	158	65	0
Restvolum inneverande kvartal, GWh:	-2	32	105	47	0
Avvik frå prissikringsstrategi i %:	-1 %	13 %	67 %	73 %	0

For år 2022 skal ein etter planen starta sikringa i 1 kvartal 2019.

Ny prognose økonomiplan 2019 – 2022 er:

	2019	2020	2021	2022
Budsjett 2018/øk.plan 19-22	52,0	48,0	50,0	52,0
Ny prognose T2/18	70,0	60,0	60,0	62,0
Endring	18,0	12,0	10,0	10,0

I økonomiplan 2019-2022, jf. FT-sak 31/18, vart «taket» for bruk av lokale inntekter i driftsbudsjettet heva frå 40 mill. kr til 50 mill. kr. Meirinntekter/mindreinntekter i høve dette taket vert saldert mot bufferfondet. Samla vert økonomiplanen for 2019–2022 saldert med 52 mill. kr i avsetjing til bufferfondet.